

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.09.2016

Alexander Fosse Andersen, Sp, sette fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt:

4. Tannpleiar skal besøka sjukeheimen i Skånevik for å vurdere kven som treng tannbehandling hjå tannlege.»

Røysting

Innstillinga med Andersen sitt forslag vart vedteke mot ei røyst (R).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune samarbeider om å etablere ein ny tannklinikk i Ølen. Tannklinikken skal ha kapasitet til å gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientar i Etne kommune og i Vindafjord kommune.
2. Etne tannklinikk og Skånevik tannklinikk vert nedlagde når den nye tannklinikken er klar til å tas i bruk.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå nødvendige leige- og driftsavtalar i samarbeid med Rogaland fylkeskommune.
4. Tannpleiar skal besøka sjukeheimen i Skånevik for å vurdere kven som treng tannbehandling hjå tannlege.